

BREVRØYSTING

I samband med rådgjevande folkerøysting om kommunereforma kan det nyttast brevrøysting utanriks og innanriks for dei som ikkje er i Vaksdal kommune under den ordinære førehandsrøystinga og på valdagen.

Brevrøyster kan sendast innanfor perioden for førehandsrøysting, frå og med 23. mai til og med 26. mai og må vere valstyret i hende seinast valdagen, 30. mai.

Veljaren er sjølv ansvarleg for at røysta er valstyret i hende innan valdagen 30. mai.

Framgangsmåte

Konvoluttar:

Du treng tre konvoluttar; ein **røysteseddelkonvolutt** til å legge røysteseddelen i, ein **omslagskonvolutt** til å påføre dine opplysningar på, samt ein **oversendingskonvolutt** med adressa til valstyret i Vaksdal.

Røysteseddel:

Du kan anten skrive ut den offisielle seddelen frå kommunen si heimeside (tilgjengelig frå 23. mai). Eller, dersom du ikkje har offisiell seddel, kan du bruke eit blankt ark og skrive på kva du røyster (JA eller NEI til samanslåing), samt at det gjeld folkerøysting om kommunereforma i Vaksdal 2016.

Slik gjer du:

1. Legg røysteseddelen i ein blank konvolutt (**røysteseddelkonvolutt**) og lim igjen.
2. Legg deretter den blanke konvolutten med røysteseddelen inni, i ein ny konvolutt (**omslagskonvolutt**). Konvolutten skal limast igjen (viktig!).
3. Omslagskonvolutten skal påførast følgjande opplysningar:
 - a. Brevrøyst ved rådgivende folkerøysting 30.05.2016 til valstyret i Vaksdal kommune
 - b. Personaliala:
 - Navn og adresse (i Norge)
 - Fødselsnummer (11 siffer)
 - c. Skriv under med namn og dato
 - d. Om mogleg, bør eit vitne stadfeste at det som er påført omslagskonvolutten er rett. Vitnet sitt namn, adresse, fødselsdato og underskrift vert å påføra omslagskonvolutten.
4. Legg omslagskonvolutten i ein **oversendingskonvolutt** og skriv på adressa til valstyret:
Valstyret i Vaksdal
Konsul Jepsensgate 16
5722 DALEKVAM

NB! Husk å poste røysta di så tidlig som mulig, og seinast 26. mai, slik at ho er valstyret i hende innen 30. mai!